



**Eidsvik Skipsbyggeri har no sendt tilbakemelding til kommunen på tilsynsrapport etter branntilsyn og har mellom anna kommentert at det ikkje har vore brannøving sidan 2008.**

**Industrivernleiar/brannvernleiar Per Fausk skriv at ansatte som ikkje har fått opplæring og ikkje har varmt arbeid-kurs vil få opplæring inklusive bruk av håndsløkkarar.**

Fausk opplyser at det er laga ny øvingsplan for industrivernet der denne og inneheld øving for alle ansatte/alle som er inne på området. Dokumentasjon vil bli ført, både på opplæring og øvingar, lovar Fausk.

Et anna avvik er at dører i rømningsveg slår innover, men no vill dørane verta snudd slik at dei går rett veg - med 28. april som frist for gjennomføring.

At gassflasker iikkje var sikra mot velt var også eit avvik og Fausk opplyser at dette er eit problem som kjem att og spesielt når det er mange innleide. Eidsvik forsøker igjen å setja fokus på problemet ved informasjon til alle som er inne på området.

Under branntilsynet vart det påvist mangelfull dokumentasjon av branntryggleiken. Her er skjema laga til. Kvar gong det blir foretatt brannsyn/vernerunder vil det verta ført dokumentasjon i henhold til krav.

Av Ola Matti Mathisen